



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/160 - 22/23085

Saksbehandlar:  
Ole Martin Bolset  
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:  
29.03.2022

## Oversikt over føresegner som skal inkorporerast.

Erstatt heile «§ 2.2 Dokumentasjon til byggemelding», med følgjande føresegn:

### § 2.2 Dokumentasjon til byggemelding

1. Ved innsending av rammesøknad for felta BKS01-BKS10 og BBB01-BBB03 skal det leggjast ved situasjonsplan for dei ulike byggeområda med løysing for utomhus, felles leikeareal og minste uteopphaldsareal (MUA), universell tilgjenge, avkjørsel, parkering, snumoglegheit, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, tilhøve til omgjevnader, murar, fyllingar, skjeringar, trapper, gjerder, og handtering av vatn og avlaup i høve overordna utomhusplan.
2. Seinast ved innsending av søknad om igangsetting for SKV01-SKV04 og SV01-SV09, med tilhøyrande fortau og annan veggrunn, skal det leggjast ved tekniske teikningar for veganlegg og veglysanlegg, som er godkjent av Alver kommune.
3. Seinast ved innsending av søknad om igangsetting for veg, med tilhøyrande fortau og annan veggrunn, som skal overtakast av Alver kommune, skal det føreligge dokumentasjon på at det er inngått eigen avtale med Alver kommune for overtaking av veg-, fortau-, annan veggrunn og veglysanlegg.
4. Seinast ved innsending av søknad om igangsetting skal det føreligge dokumentasjon frå Alver kommune på godkjent teknisk plan for VA-anlegg.

Erstatt heile «§ 2.6 Vann- og avløp» med følgjande føresegn:

### § 2.6 Vann, avløp og veg

1. VA-rammeplan, datert **xx.xx.xxxx** skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og rammesøknad.
2. VA-anlegg til offentleg overtaking, skal etter godkjent sluttdokumentasjon og tilhøyrande synfaring utan manglar, overtakast av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald. Offentleg VA-anlegg reknast som opparbeidd når det er bygd i henhold til teknisk plan og er overtatt av Alver kommune.
3. Private VA-anlegg reknast som opparbeidd når det ligg føre godkjent ferdigmelding.
4. Veganlegg skal opparbeidast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og gjeldande normer/forskrifter for veglysanlegg. Innanfor veganlegg ligg køyreveg, veg, fortau, annan veggrunn og veglysanlegg.

5. Veglys langs offentlig veg skal skiljast frå privat anlegg med måler og tennpunkt i eige skap.
6. For veganlegg som skal overtakast av Alver kommune, vil offentlig overtaking til eige, drift og vedlikehald gjerast når sluttdokumentasjon og synfaring utan manglar er godkjent av Alver kommune for veg- og veglysanlegg.

Erstatt « 2.11 – Rekkjefølgje» punkt 3.a og 3.b, med følgjande føresegn:

§ 2.11 – 3. a.

Køyreveg o\_SKV03 med tilhøyrande fortau o\_SF04-06, veglysanlegg og anna veggrunn, i samsvar med tekniske teikningar for veg- og veglysanlegg.

§ 2.11 – 3. b.

Vegareal, inkludert fortau og anna veggrunn fram til avkøyrsla, i samsvar med tekniske teikningar for veg- og veglysanlegg. For dei felta der vegen ikkje førar vidare til fleire bustader, skal vegen i sin heilheit opparbeidast, i samsvar med tekniske teikningar for veg- og veglysanlegg.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Ole Martin Bolset  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Oversikt over føresegner som skal inkorporerast.